



Kommunal- og distriktsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjestatsforvaltar- Austrheim - 134/2 - flytebrygge - dispensasjon

Vi viser til brev frå Austrheim kommune datert 09.09.2022. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formål , bruk og vern av sjø, og byggeforbodet i strandsona, for ovanfornemnde tiltak.

Formannskapet gav i vedtak 02.06.2022, i sak 055/22, dispensasjon for flytebrygge.

Vedtaket vart klaga på av Statsforvaltaren i Vestland i brev datert 27.06.2022.

Formannskapet handsama klaga i møte den 01.09.2022, i sak 086/22, og klaga vart ikkje teken til følge. Vi kan ikkje sjå at det er gitt utsett iverksetting etter forvaltningslova § 42, slik vi spurde om i klaga.

Vi ber om oppnemning av setjestatsforvaltar for handsaming av klagesak.

Statsforvaltaren i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning.

Med helsing

Egil Hauge
seksjonsleiar

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:



Austrheim kommune
Per Strømstad

Kommunehuset
Eidsvågveien 86

5943
5101

AUSTRHEIM
Eidsvågneset